

## STYRESAK

**GÅR TIL:** Styremedlemmer  
**FØRETAK:** Helse Bergen HF

**DATO:** 30.03.16  
**SAKSHANDSAMAR:** Bjørn Johannessen/Askjell Utaaker  
**SAKA GJELD:** **Forvaltningsplaner verneverdige bygg**

**STYRESAK:** 34/16 A

**STYREMØTE:** 20.04.2016

---

### FORSLAG TIL VEDTAK

Styret godkjenner forvaltningsplanane for dei verna objekta som Helse Bergen eig, og som inngår i Landsverneplanen for helsesektoren.

## Oppsummering

Som ein del av Landsverneplanen for Helsesektoren har Helse Bergen totalt 19 verneobjekt.

Verneklasse 1: Fem bygg og dessutan heile utomhusområdet/parken på Hagavik - og to bygg på Haukeland er freda etter kulturminnelova.

Verneklasse 2: 13 bygg på Haukelandsområdet er verna med heimel i landsverneplanen.

Det er krav til utarbeiding av forvaltningsplanar for alle verneobjekt. Føremålet med slike planar er å sikre dei kulturminnefaglege verdiane for det einskilde objektet.

Ferdig utarbeidde forvaltningsplanar ligg som elektroniske vedlegg til denne saka, <http://www.helse-bergen.no/no/OmOss/styret/Sider/Forvaltningsplaner.aspx>. Eit eksempel på korleis planane er bygde opp er lagt som vedlegg («KYSTHOSPITALET I HAGEVIK KRAFTSTASJON»).

Etter dei fastlagde rutineane for oppfølging av vernesaker i Helse Vest skal forvaltningsplanane etter styrehandsaming i Helse Bergen, godkjennast av styret i Helse Vest.

## Fakta

Prosjektet «Statens kulturhistoriske eigedommar» la til grunn at departementa skulle utarbeide landsverneplanar for statlege eigedommar innanfor kvar einskild sektor. Landsverneplan for spesialisthelsetenesta (LVP Helse) er fastsett av Helse- og omsorgsdepartementet og inneheld oversikt og nærmare omtale av alle bygningar og uteområde som er verna.

Riksantikvaren fastsette 9. november 2011: Forskrift om fredning av statens kulturhistoriske eiendommer. I vedlegg til forskrifta finn ein dei spesifikke vernevedtaka for alle dei utvalde verneobjekta innan helsesektoren.

Forskrifta fastset at det skal utarbeidast detaljerte forvaltningsplanar for å verne dei kulturverdiar som objekta representerer.

Verneobjekta er inndelt i to klassar:

- Verneklasse 1 omfattar objekt som er freda med heimel i lov om kulturminne. For slike objekt må ein søkje dispensasjon frå Riksantikvaren for tiltak som går ut over normalt vedlikehald.

- Verneklasse 2 omfattar objekt som har vern med heimel i Landsverneplanen, og der ein innhentar eventuelle dispensasjonar hos Helse Vest. Det er berre ved riving at Riksantikvaren skal ha objekt i verneklasse 2 til handsaming.

Helse Bergen sine objekt som er omfatta av Landsverneplanen er:

### **Kysthospitalet i Hagevik:**

<b>Navn</b>	<b>Oppført</b>	<b>Verneklasse</b>	<b>Omfang</b>
Hovedbygning	1924 - 1973	Verneklasse 1, freding	Eksteriør/Utomhus
Hytte v/søsterheimen	1930	Verneklasse 1, freding	Eksteriør/Interiør
Kraftstasjon	1930	Verneklasse 1, freding	Eksteriør/Interiør
Lager/verkstad	1926	Verneklasse 1, freding	Eksteriør
Naust	1926	Verneklasse 1, freding	Eksteriør
Utomhusanlegg		Verneklasse 1, freding	(heile eigedomen)

### **Haukelandsområdet**

<b>Namn</b>	<b>Oppført</b>	<b>Verneklasse</b>	<b>Omfang</b>
Bikuben	1966	Verneklasse 1, freding	Eksteriør/Interiør
H-bygget	1912	Verneklasse 1, freding	Eksteriør/Interiør
Gamle hovedbygg	1912	Verneklasse 2, bevaring	Eksteriør
Jørgen Sandbergs hus	1912	Verneklasse 2, bevaring	Eksteriør
Kvinneklinikken	1925	Verneklasse 2, bevaring	Eksteriør
Overlegebolig KK	1925	Verneklasse 2, bevaring	Eksteriør/Interiør
Portnerbolig KK	1924	Verneklasse 2, bevaring	Eksteriør/Interiør
Studentbygg (gamle Gade)	1912	Verneklasse 2, bevaring	Eksteriør
IKT-bygget (Poliobygg)	1955	Verneklasse 2, bevaring	Eksteriør/Interiør
Konrad Birkhaugs hus	1907-1912	Verneklasse 2, bevaring	Eksteriør
Sentralblokken	1973-1983	Verneklasse 2, bevaring	Interiør (auditorium)
Utsikten	1938	Verneklasse 2, bevaring	Eksteriør/Interiør
Haukelandsbakken 2	1898	Verneklasse 2, bevaring	Eksteriør/Interiør

I 2012 vart det vedteke felles rutinar for utarbeiding av forvaltningsplanar, gjennomføring av vedlikehald og søknadspålyktige tiltak for verna byggverk og område i helseregionane. Rutinen er felles for heile sektoren og omfattar alle helseføretak i landet.

Helse Bergen, Haukeland universitetssjukehus har utarbeidd forvaltningsplanar for dei to aktuelle kompleksa (fleire byggverk/område som er Hagavik og Haukeland) og eigne forvaltningsplanar for det einskilde bygg. Planverket for Utomhus (parken) på Hagavik er delt i seks planar, og det er i tillegg laga ein historisk dokumentasjon. Samla utgjer planverket 27 dokument (572 sider inkludert mange bilde).

Helse Bergen selde for nokre år sidan eigedomen Askviknes med to freda bygg, og kjøparen (Os kommune) fekk ansvar for å fullføre forvaltningsplanane der. Dei er ikkje tekne med her.

Utanom vernevedtak som er ein del av Landsverneplanen kan ulike vernevedtak i blant og følge av reguleringsplanar, slik ein til dømes har for Helse Bergen sitt såkalla «Hvite hus». Bygget skal bevarast – men kan flyttast.

Helse Bergen har gjennom fleire år delteke i samlingar både i det nasjonale og det regionale nettverket, der ein har arbeidd med kulturminnevernet i helsesektoren.

Med konsulentbistand frå NIKU (Norsk Institutt for Kulturminneforskning) og Institutt for Landskapsplanlegging ved Norges Miljø- og Biovitenskapelige Universitet vart det i 2013 - 2014 utarbeidd detaljerte forvaltningsplanar for alle objekt i klasse 1 og 2.

I juni 2015 vart dei utarbeidde planane for alle dei åtte objekta i verneklasse 1 formelt framlagde i møte med representantar frå Riksantikvaren på Kysthospitalet i Hagevik. I oktober 2015 vart dei utarbeidde planane for alle 13 objekta i verneklasse 2 framlagde i møte med representant for Helse Vest.

På begge møta deltok også representantar for Helsebygg HF (Oslokontoret), der ein i dag finn den sentrale kulturminnefaglege kompetanse til helsesektoren.

Planverket vart godt motteke på begge møta, og er oppdatert med dei tilbakemeldingane som vart gitt der.

## **Konklusjon**

Helse Bergen, Haukeland universitetssjukehus har handsama alle dei aktuelle objekta med varsemnd ut frå foreløpige vedtak frå Riksantikvaren i forkant av det formelle fredingsvedtaket. Det er innvilga seks naudsynte dispensasjonar frå Riksantikvaren dei siste åra.

Utarbeidinga av forvaltningsplanane har gjennomgått ein grundig prosess i tråd med dei fastlagde rutinane og med konsulentbistand frå fagmiljø. Forvaltningsplanane er gjort tilgjengeleg på Helse Bergen si internettside, styret kan bla i dei ulike planane for å gjere seg kjent med dei ulike objekta som omfattast av Landeverneplanen. Oppfølginga av forvaltningsplanane vil inngå i den ordinære planen/budsjettprosessen, men skal handterast med spesiell merksemd og omtalast/markerast tydeleg. Det vert tilrådd at planane vert godkjende slik dei no ligg føre.

## **Vedlegg**

### **1. Forvaltningsplan Kysthospitalet - kraftstasjon**